

# Eksamensrettleiing

- om vurdering av eksamenssvar

2018

NOR0214 Norsk hovudmål

NOR0215 Norsk sidemål

NOR1415 Norsk for elevar med fritak frå vurdering med karakter i sidemål

Sentralt gitt skriftleg eksamen

## Eksamensrettleiing for vurdering av sentralt gitt eksamen

Denne eksamensrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen i norsk etter 10. trinn, og korleis denne eksamen skal vurderast. Rettleiinga skal vere kjend for elevar, vaksne deltakarar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane må bruke rettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

Under vil «elevar» og «kandidatar» bli brukt om både elevar og vaksne deltakarar – som eksamenskandidatar.

### 1 Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen i norsk

Den skriftlege eksamen i norsk for 10. trinn går over tre dagar:

Førebuingdag:           måndag 28. mai frå kl. 09.00  
Eksamensdagar:        tysdag 29. mai – hovudmål, frå kl. 09.00  
                                  onsdag 30. mai – sidemål, frå kl. 09.00 (hovudmål for NOR1415-  
                                  kandidatar)

**Førebuingdagen** gjeld for begge eksamensdagane. Førebuingdagen er ein obligatorisk skoledag, og kandidatane får tilgang til førebuingmateriellet ved hjelp av brukarnamn og passord kl. 09.00. På førebuingdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av ope Internett og samarbeid med andre. I førebuingstida kan kandidatane samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

**Førebuingmateriellet** er universelt utforma for at flest mogleg kandidatar skal kunne ha nytte av det. Tekst-til-tale-funksjonen sikrar at kandidat kan lytte til syntetisk tale samtidig som dei aktuelle orda i teksten blir markerte på skjermen.

Det er **to eksamensdagar** i norsk. Ordinær eksamenstid er 5 timar. Kandidatane skriv éin dag på hovudmål, eksamenskode NOR0214, og éin dag på sidemål, eksamenskode NOR0215, og får to karakterar. Unntak: Kandidatar som er fritekne for vurdering med karakter i sidemål, skriv på hovudmålet sitt begge dagane og får éin samla karakter, eksamenskode NOR1415.

Eksamensoppgåvene blir tilgjengelege i prøveadministrasjonssystemet PAS på eksamensdagen. Eksamensoppgåvene blir også trykte og sende til skolen.

#### Praktisk informasjon om formatet på eksamenssvara

Elevar og vaksne deltakarar må følgje nokre felles retningslinjer for merking av eksamenssvara:

- Topptekst:                   fagkode og kandidatnummer
- Botntekst:                   sidetal og totalt sidetal
- Oppgåvenummer:           skal skrivast inn i eksamenssvaret, f.eks. A1 og B4
- Font og skriftstorleik:   lesbar font og storleik

Dersom eleven eller den vaksne deltakaren leverer eksamenssvaret som ein handskriven tekst, skal teksten vere ført inn med svart eller blå penn.

## 1.1 Nærmare beskriving av førebuingdelen

Førebuinga skal bidra til å førebu elevane til eksamen. Elevane har rett på rettleiing, men læraren skal ikkje undervise.

Til eksamen er heile læreplanen til og med 10. trinn aktuell. Det inneber at elevane til eksamen kan prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingmaterialet. Læraren må vise elevane korleis kompetansemål frå lågare trinn støttar opp under kompetansemål etter 10. trinn, for betre å gi elevane ei heilskapleg forståing av forventa kompetanse i faget.

Førebuingmaterialet er knytt opp mot tema på ulike måtar. Elevane møter tekstar på begge målformene og kan også møte tekstar på naboSpråka. Tekstane skal vere til inspirasjon og til bruk som kjelder på eksamensdagane. Førebuingmaterialet er nettbasert, men kan også skrivast ut som PDF-filer. Elevane skal ha tilgang til materialet på eksamensdagane.

Materialet er avgrensa i omfang for å gi elevane tid til å arbeide med det, tid til å knyte temaet til innhaldet i opplæringa, og tid til sjølv å kunne finne fram til andre og relevante tekstar. For å førebu seg kan elevane jobbe åleine, i par og i grupper. Dei kan nærlese tekstane i førebuingmaterialet og sjølv leite etter kunnskap om eksamenstemaet. Elevane kan også reflektere over korleis eksamenstemaet heng saman med eigne erfaringar og tekstar som elevane kjenner frå før.

## 1.2 Nærmare beskriving av eksamensoppgåvene

Av formålsteksten for norskfaget går det fram at elevane skal møte «et bredt spekter av tekster» og sjølv «produsere ulike typer tekster med hensiktsmessige verktøy, og tilpasse språk og form til ulike formål, mottakere og medier. Etter hvert vil de kunne fordype seg i faglige emner og bli dyktigere til å formidle et faglig innhold til andre.»

Kompetansemåla i læreplanen er felles for hovudmål og sidemål. Det er derfor ingen fagleg nivåforskjell mellom eksamenane i hovudmål og sidemål. Eksamensoppgåvene prøver fleire kompetansemål, men ikkje alle kompetansemåla vil bli prøvde ved kvar eksamen.

Skriftleg eksamen i norsk er utforma for å prøve lesekompetanse, skrivekompetanse og meir utprega norskfagleg kompetanse. Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla. Til eksamen er dei grunnleggjande ferdigheitene ein føresetnad for å kunne tileigne seg førebuingmaterialet, forstå og tolke oppgåvene og sjølv utforme og skrive eksamenssvaret på ein formålstenleg måte.

### Utforminga av oppgåvesetta

Eksamen har to delar, del A og del B. Elevane skal vise norskfagleg skrivekompetanse, som inkluderer digitale ferdigheiter, lesekompetanse, fagkunnskapar og skriveferdigheiter.

- **Del A** har éi eller to obligatoriske oppgåver med utgangspunkt i tekstvedlegg. Den, eller dei, vedlagde tekstane er innafor temaet for eksamen.

- **Del B** har oppgåver til val, og eleven skal velje éi av oppgåvene. Oppgåvene i B-delen er knytte opp mot temaet for eksamen og temaet/tekstane i førebuingmaterialet.

Elevane må svare både på A- og B-delen, og på alle ledda i oppgåveinstruksjonane. Elevane må sjølve disponere tida slik at dei rekk å svare på oppgåvene innafør tidsramma på fem klokkeimar.

Eksamensoppgåvene kan vere bygde opp på ulike måtar. Her er eit eksempel frå 2017:

<p><b>Oppgåve B4</b></p> <p>I førebuingmaterialet finn du novella «Duell i klasserom 17» av Michael Niemi.</p> <p><b>Skriv ein tekst der du beskriv og reflekterer over korleis personane i «Duell i klasserom 17» kommuniserer med kvarandre. Vis til eksempel frå novella.</b></p> <p><b>Lag overskrift sjølv.</b></p> <p>Kjelde: Eksamen i Norsk hovudmål for grunnskolen, våren 2017</p>	<p>→ Eleven skal alltid skrive inn <b>oppgåvenummeret</b> over svaret.</p> <p>→ Eksamensoppgåva <b>kan</b> ha ein «igangsetjar» eller ei «innramming» av oppgåva i normal skrift.</p> <p>→ Sjølve oppgåveinstruksjonen er skriven med <b>feit</b> skrift. Her står det kva eleven <b>skal</b> gjere i tekstane sine.</p> <p>→ Elevane skal i B-delen alltid lage ei <b>overskrift</b>, eller bruke ei overskrift som står i oppgåva.</p>
--	--

Eksamensoppgåvene kan innehalde ulike krav, for eksempel beskriving av krav til form, formål eller mottakar av teksten, eller krav til innhald, oppbygging eller språkbruk. Til eksamen er det å ta eigne val for innhald, oppbygging, språk og utforming ein del av kompetansen elevane viser.

Elevane avgjer sjølve kva for utforming eller layout dei vil gi til dei ulike delane av eksamenssvaret. Mange oppgåver inviterer til å vise digital kompetanse og kompetanse i å utforme samansette tekstar. Nokre oppgåver kan konkret be om illustrasjonar eller andre estetiske verkemiddel. Når sensor vurderer eksamenssvaret, er utforminga av teksten ein del av det heilskapsinntrykket svaret gir. Sensor skal vurdere kandidatens samla kompetansen slik denne er vist til eksamen, og ei formålstenleg utforming/layout er ein del av dette vurderingsgrunnlaget.

## 2 Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen

På eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk, engelsk og framandspråk er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.

Frå 2018 er det krav at skoleeigaren skal tilby minst to nettbaserte hjelpemiddel til eksamen. Når skoleeigar isolerer nettbaserte hjelpemiddel til bruk under eksamen, er det viktig å kontrollere at eksamenskandidatane ikkje kan kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre er ikkje tillate.

Du kan lese om nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel i grunnskolen og krav til nettbaserte hjelpemiddel her: <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/nasjonale-foringer-for-nettbaserte-hjelpemidler-til-sentralt-gitt-skriftlig-eksamen-i-grunnskolen/>.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha blitt rettleidd i å vurdere kva for hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva for andre hjelpemiddel som er formålstenlege.

### 3 Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i eksamenssvaret, må desse førast opp på ein etterretteleg måte. Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på alle kjelder som er brukte. Dersom eleven bruker innhald eller sitat frå nettsider, skal ho/han føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Kjelder som blir brukte til eksamen, skal førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiell utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

#### 3.1 Bruk av kjelder i norsk

Kompetansemåla i norsk etter 10. trinn seier at elevane skal kunne «integriere, referere og sitere relevante kilder på en etterprøvbar måte der det er hensiktsmessig».

Dersom eleven i førebuingstida har funne fram til eigne kjelder, og eleven siterer frå eller hentar opplysningar frå desse kjeldene i eksamenssvaret sitt, skal kjeldene førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Dette gjeld også for kjelder frå førebuingsmateriellet. Dersom kjelda er ei nettside, skal eleven føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. Det skal vere klart og tydeleg kva som er sitat, og kva som er elevens eigen tekst.

Det finst ulike måtar å oppgi kjelder på. Kjeldetilvisingane i førebuingsmateriellet viser korleis eleven kan føre opp kjelder, anten det gjeld tekstkjelder eller biletkjelder.

### 4 Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Til eksamen er heile læreplanen for faget aktuell. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast følgjande:

*Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.*

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller oppgåve<sup>1</sup>. Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere den kompetansen eleven viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag2.

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen.

Sensor skal vurdere samla kompetanse slik han kjem fram på eksamen, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 Eksamenssvaret blir vurdert av to eksterne sensorar. Dersom desse to er ueinige, avgjer ein oppmann karakteren, jf. §§ 3-28 og 4.21 i forskrift til opplæringslova.

## 4.1 Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Kjenneteikn på måloppnåing i eksamensrettleiinga beskriv kompetansen til eleven på tre nivå. Beskrivingane skal bidra til ei felles forståing av krava til vurdering og til ei rettfærdig vurdering.

## 4.2 Fagspesifikke underpunkt om vurdering i norsk

For å få vist fram kompetansen sin er det viktig at eleven svarer både på del A og del B, og på alle delane av oppgåvene. Det er eit overordna krav til eksamenssvaret at tekstane er svar på dei oppgåvene som er gitt. Eit relevant svar på oppgåva er eit svar på alle delane av det oppgåva ber om. Dersom ingen delar av eksamenssvaret er svar på oppgåvene som er gitt, skal eksamenssvaret ha lågaste karakter.

For å få eit fyrsteintrykk av eksamenssvaret bør sensor først lese igjennom alle tekstane i eksamenssvaret. Deretter vurderer sensor tekstane ut frå vurderingsområda i matrisa for til slutt å kunne gi ein karakter ut frå ei vurdering av samla kompetanse i eksamenssvaret. Sensorane kan vurdere lesekompetanse først og fremst i dei tekstbaserte oppgåvene i eksamenssettet, men også ut frå i kva grad elevane viser at dei har forstått oppgåvebestillingane.

---

<sup>1</sup> St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*

<sup>2</sup> Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3

Dersom eleven er i tvil om kva for B-oppgåve ho/han skal velje, vil det å vise kompetanse i å skrive ulike typar tekstar alltid telje positivt. Det kan derfor vere klokt av eleven å tolke oppgåvene slik at eksamenssvaret totalt sett viser at eleven beherskar ulike teksttypar. Dersom eleven svarer på meir enn éi B-oppgåve, skal sensorane berre bruke eitt av B-svara som ein del av vurderingsgrunnlaget.

Lengda på eksamenssvaret er ikkje eit eige vurderingskriterium. Ein tekst som er kort og konsis, kan vere betre enn ein tekst som er lang og utflytande. Til eksamen må elevane likevel passe på at dei ikkje skriv så kort at dei ikkje får vist kompetansen sin.

Oppgåveformuleringane til eksamen inneheld krav om kva tekstane må innehalde. Elevane kan tolke oppgåveformuleringar på utradisjonelle og uventa måtar, og sensor må vere open for kreative og uventa løysingar. Sensor skal ha ei positiv vurderarhaldning og sjå etter kva for kompetanse eleven viser. Sensor skal vurdere kva eleven har fått til, ikkje leite etter kva eleven ikkje kan. I vurderinga av samla kompetanse i eksamenssvaret vil det for eksempel vere rom for fleire skrivefeil i ein tekst som har eit avansert ordforråd, enn i ein tekst der ordforrådet er enkelt.

Når det gjeld vurdering av formelle ferdigheiter, er det rimeleg å vente at elevane meistarar hovudmålet sitt noko betre enn sidemålet. Sensorar som vurderer sidemål, må ta høgde for dette. I norskfaget er det jamleg diskusjon om tolegrensa for formelle feil, spesielt i nynorsk som sidemål. Sensor skal bruke matrisa og sitt profesjonelle skjønn i grunngevinga av vurderinga av vist kompetanse til eksamen, ikkje formelle feil åleine.

Ein elev som skriv heile sidemåls eksamen på hovudmålet sitt, får karakteren 1. Karakteren 1 skal også brukast dersom heile eksamenssvaret viser seg å vere kopi av tekstar som andre har skrive. I tillegg skal karakteren 1 brukast dersom eksamenssvaret som heilskap fell utafør oppgåvene som er gitt – eller i dei tilfella der den samla kompetansen som er vist, er svært låg, lågare enn kompetansen som er beskrive i matrisa.

**TIPS:** Utdanningsdirektoratet har publisert materiell til bruk i førebuinga til eksamen og som grunnlag for diskusjonar om vurdering av eksamenssvar:

- [Eksamensoppgåver frå dei tre siste åra](#) gir eksempel på korleis eksamensoppgåvene i norsk kan sjå ut. Skolane har fått tilsendt passord.
- Eksamenssvar med karakter frå [2014](#) og [2016](#) med grunngevingar for karakterane.
- [Eksamensrapporten](#) gir informasjon om eksamensoppgåvene og sensuren frå 2017.

## 4.3 Førehandssensur 2018

Formålet med førehandssensur er å sikre ein rettferdig sensur. Det er erfarne sensorar frå heile landet som står for førehandssensuren. Dersom det viser seg at enkelte oppgåver blir oppfatta som vanskelege å vurdere, vil førehandssensuren informere om dette.

Førehandssensuren blir gjennomført 4. og 5. juni, og førehandssensurrapporten blir publisert 5. juni 2018, kl. 15.00 på [nettsidene](#) til Utdanningsdirektoratet, og seinast morgonen etter i PGSD. Førehandssensurrapporten kan gi opplysningar om vurdering av konkrete oppgåver, og er retningsgivande for sensuren.

## 5 Kjenneteikn på måloppnåing

Kjenneteikn på måloppnåing kan utformast som ei meir utfyllande beskriving eller samlast i ei kortfatta matrise. Vurderingsmatrisa med kjenneteikn på måloppnåing, plassert på s. 9 i denne eksamensrettleiinga, gjeld for sentralt gitt skriftleg eksamen i Norsk hovudmål og Norsk sidemål etter 10. trinn.

Innhaldet i matrisa er basert på fagkompetansen slik han er uttrykt i læreplanen for faget. Vurderingsmatrisa er delt inn i fire vurderingsområde, som på ulike måtar fangar opp kvalitetar ved eksamenssvaret. Vurderingsområda har ikkje vasstette skott mellom seg, men snarare flytande overgangar. Beskrivingane skal bidra til ei rettferdig vurdering og ei felles forståing av vist kompetanse i eit eksamenssvar.

Matrisa er basert på forventa kompetanse etter 10. trinn. Ho har ikkje beskrivingar av kompetanse for kvar enkelt oppgåve eller kvart enkelt oppgåvesvar, men beskriv samla kompetanse på tre nivå: «låg» (2), «nokså god» (3) til «god» (4) og «mykje god» (5) til «særs god» (6). Karakteren 1 er lågare enn det som står i matrisa.

Ei matrise kan aldri vere uttømmende, og ikkje alle elementa innafor kvart av vurderingsområda er like relevante for alle typar tekstar. Sensor må bruke profesjonelt skjønn, læreplanen og rettleingsmateriellet som grunngevingar i vurderinga av *samla kompetanse* slik denne kjem fram i kvart enkelt eksamenssvar.

Karakteren 1 – éin – er ikkje beskriven i matrisa.

### Vurderingsskjema

Vurderingsskjemaet på s. 10 er til bruk for sensor i vurderingsarbeidet. Skjemaet er publisert som ei Word-fil på den same nettadressa som [Eksamensrettleiinga](#) – slik at sensorar som ønskjer det, kan bruke skjemaet digitalt. Sensor må ta notat for kvart elevsvar for å kunne grunngi eiga vurdering overfor medsensor når dei møtest til fellessensur.



Vurderingsmatrise for eksamen 2018

	Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
<b>Fyrste-inntrykk</b>	<b>Eksamenssvaret</b> - kommuniserer til ein viss grad ut frå oppgåvene som er gitt	<b>Eksamenssvaret</b> - kommuniserer ut frå oppgåvene som er gitt	<b>Eksamenssvaret</b> - kommuniserer som heilskap ut frå oppgåvene som er gitt
<b>Hovudområde i læreplanen for norsk: Skriftleg kommunikasjon og Språk, litteratur og kultur</b>	<b>Innhald og kjeldebruk</b>	<b>Eksamenssvaret</b> - har relevant innhald med ei viss utdjuping - viser ganske god forståing av hovudinnhald og detaljer i tekstvedlegg, og bruk av relevante kjelder - viser ganske god fagleg kunnskap	<b>Eksamenssvaret</b> - har relevant innhald med utdjuping - viser god forståing av hovudinnhald og detaljer i tekstvedlegg, og sjølvstendig bruk av relevante kjelder - belyser tema ved hjelp av fagleg kunnskap
	<b>Oppbygging</b>	<b>Eksamenssvaret</b> - er bygd opp med ein viss struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå - har enkel eller lite variert tekstbinding - har utforming/layout som til ein viss grad tener formålet med teksten	<b>Eksamenssvaret</b> - er bygd opp med stort sett formålstenleg struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå - har formålstenleg tekstbinding - har i stor grad formålstenleg utforming/layout
	<b>Språk og stil</b>	<b>Eksamenssvaret</b> - viser eit enkelt eller lite variert ordforråd - har forståeleg språkføring og setningsbygnad til ein viss grad tilpassa innhald, formål, mottakar og medium - har innslag av faguttrykk eller språklege verkemiddel	<b>Eksamenssvaret</b> - viser ganske god variasjon i ordforrådet - har ganske god språkføring og setningsbygnad stort sett tilpassa innhald, formål, mottakar og medium - viser ganske god bruk av faguttrykk eller språklege verkemiddel
	<b>Formelle ferdigheiter</b>	<b>Eksamenssvaret</b> - har korrekt rettskriving av høgfrekvente ord og viser korrekt bruk av dei mest sentrale reglane i formverket - viser teiknsetjing som er naudsynt for kommunikasjonen - viser at eleven til ein viss grad kan sitere og referere til kjelder	<b>Eksamenssvaret</b> - har stort sett korrekt rettskriving og viser stort sett korrekt bruk av reglane i formverket - viser stort sett korrekt teiknsetjing - viser at eleven kan sitere korrekt og referere til kjelder på ein etterprøvbar måte
<b>Samla vurdering</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Karakteren <b>2</b> uttrykkjer at eleven har <b>låg</b> kompetanse i faget.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Karakteren <b>3</b> uttrykkjer at eleven har <b>nokså god</b> kompetanse i faget.</li> <li>• Karakteren <b>4</b> uttrykkjer at eleven har <b>god</b> kompetanse i faget.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Karakteren <b>5</b> uttrykkjer at eleven har <b>mykje god</b> kompetanse i faget.</li> <li>• Karakteren <b>6</b> uttrykkjer at eleven har <b>framifrå</b> kompetanse i faget.</li> </ul>
<p>Karakteren <b>1</b> uttrykkjer at eleven har <b>svært låg</b> kompetanse i faget, ein lågare kompetanse enn det som er beskrevet ovanfor.</p>			

<b>Kandidatnummer</b>	<b>Oppgavenummer og overskrifter, del A og del B</b>			
<b>Vurderingsområde</b>	<b>Beskriving av kompetansen til kandidaten (sjå matrisa)</b>			
<b>Fyrsteintrykk</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kommunikasjon med mottakaren ut frå oppgåvene</li> </ul>				
<b>Innhald og ev. bruk av kjelder</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• relevant innhald</li> <li>• innhald og utdjuping</li> <li>• tekstforståing</li> <li>• ev. kjeldebruk</li> <li>• fagkunnskap</li> </ul>				
<b>Oppbygging</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• struktur på avsnittsnivå</li> <li>• struktur på tekstnivå</li> <li>• tekstbinding</li> <li>• utforming/layout</li> </ul>				
<b>Språk og stil</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ordforråd</li> <li>• setningsbygnad</li> <li>• språkføring tilpassa innhald, formål, mottakar og medium</li> <li>• faguttrykk / språklege verkemiddel</li> </ul>				
<b>Formelle ferdigheter</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ortografi</li> <li>• formverk</li> <li>• teiknsetjing</li> <li>• ev. bruk av sitat og om kjelder er oppgitt</li> </ul>				
<b>Vurdering av samla kompetanse til eksamen – og forslag til karakter</b>	<b>Svært låg (1) kompetanse</b>	<b>Låg (2) kompetanse</b>	<b>Nokså god (3) – god (4) kompetanse</b>	<b>Mykje god (5) – framifrå (6) kompetanse</b>



Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)